

Utval: **Fylkesutvalet**
Møtestad: Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato: 24.08.2017
Tidspunkt: 11.00-14.40

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Parti	Merknad
Pål Kårbo	Fung. fylkesordførar	KrF	
Roald Kvamme	Fung. fylkesvaraordførar	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Mari Klokkerstuen Kjellesvik	Medlem	A	
Helge Nævdal	Medlem	A	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	
Roald Stenseide	Medlem	Frp	
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Anne-Beth Njærheim	Medlem	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Parti
Anne Gine Hestetun		A

Følgjande varamedlemer møtte:

Navn	Møtte for	Parti
Synnøve Solbakken	Anne Gine Hestetun	A

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Arne Åsan	Fylkestannlege
Anne Aune	Fylkesarkivar, kultur- og idrettsavdelinga
Sølve Sondbø	Klima- og naturressurssjef regionalavdelinga
Adeline Landro	Spesialrådgjevar, opplæringsavdelinga
Oddmund Sylta	Direktør, Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar, fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent, fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 191/17	Godkjenning møteinkalling		
PS 192/17	Godkjenning møtebok førre møte		
PS 193/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 100/17	Saker på sommerfullmakt 2017	2015/7758	
RS 101/17	Bybanen - rutetider til Flesland	2015/8900	
RS 102/17	Nye rammevilkår for cruisetrafikken og andre på verdsarvfjordane - uttale fra Verdarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap	2014/363	
RS 103/17	Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Svar på spørsmål i fylkesutvalet 22. juni 2017	2016/943	
RS 104/17	Stord kommune - Kommunedelplan E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita - Avgjerd av motsegner frå Statens vegvesen Region vest og Fylkesmannen i Hordaland	2016/1947	
RS 105/17	Nytt avtaleverk for bompengeselskapene	2015/3190	
RS 106/17	Forskningsfylket Hordaland	2017/4973	
RS 107/17	Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland per 30.06.2017	2014/10180	
RS 108/17	Melding om vedtak i klagesak - Yrkesskolen for Bygg og Anlegg i Bergen AS	2015/8565	
RS 109/17	Spørsmål i fylkesutvalet 23.05.17 - innfartsparkering	2014/15627	
RS 110/17	Status næringshagane i Hordaland 2017	2017/13949	
RS 111/17	Generalforsamlingar 2017 - eigarrepresentasjon frå Hordaland fylkeskommune	2016/2284	
RS 112/17	Protokoll fra foretaksmøte 2017 - Innovasjon Norge	2014/13720	
RS 113/17	Protokoll fra Generalforsamlingen for Gløde AS 29. mai 2017	2014/15255	
RS 114/17	Austevoll bruselskap 2017 - protokoll frå generalforsamling	2014/18294	
RS 115/17	Protokoll frå generalforsamling i Sunnhordland lufthavn AS	2014/16081	
RS 116/17	Protokoll - ekstraordinær generalforsamling i Sørvest Bomvegselskap AS	2016/34293	
RS 117/17	Bømlo vegselskap -protokoll fra generalforsamling 7.juni	2014/15998	
RS 118/17	Carte Blanche: Tillegg til årsrapporten 2016	2014/11637	
RS 119/17	Møtebok for generalforsamling i Jondalstunnelen AS 26. juni 2017	2014/17319	
RS 120/17	Protokoll - ordinær generalforsamling 2016 - Hardangerbrua AS	2014/16224	
RS 121/17	Svar på spørsmål om bompengar i Bergen og statlege bidrag	2015/1426	
RS 122/17	Svar om spørsmålsregister i Hordaland fylkeskommune	2017/1145	
RS 123/17	Driftskostnader for bybane til Fyllingsdalen og Åsane	2014/24011	
RS 124/17	Brukarundersøking for Hordaland fylkeskommune - 2017	2017/3708	
RS 125/17	Evaluering av leveransar og tenester til dei politiske utvala i Hordaland fylkeskommune	2017/3797	

RS 126/17	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. august 2017	2015/10348
PS 194/17	Delegerte saker	
PS 195/17	Pilotprosjekt Vestlandet - vidare framdrift	2016/34147
PS 196/17	Ekspertutvalet for regionreforma - innspel til ytterlegare nye fylkeskommunale oppgåver/ansvar	2015/1434
PS 197/17	Oppstart av revisjon av 'Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017' og 'Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering og utdanning i landbruket 2011-2015'	2017/14135
PS 198/17	Rekneskapsrapport pr. juni 2017.	2017/13729
PS 199/17	Planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda. Vedtak om høyring og offentleg ettersyn	2014/11266
PS 200/17	Korleis oppretthalde regional konkurranseskraft? Søknad til INTERREG Nordsjøprogrammet	2017/14241
PS 201/17	132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon	2015/4714
PS 202/17	Ymse	
PS 203/17	Kollektivreiser for frivillige under Sykkel-VM	2017/4923

PS 191/17 Godkjenning møteinkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Fylkesutvalet vedtok samråystes å setje følgjande sak på saklista for møtet utan saksførelegg: Ny sak PS 203/17 Kollektivreiser for frivillige under Sykkel-VM.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend med den merknaden som er nemnd over.

PS 192/17 Godkjenning møtebok førre møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 22.06.2017 vart godkjend utan merknader.

PS 193/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

I samband med RS 122/17 «Svar om spørsmålsregister i Hordaland fylkeskommune» opplyste **Silje Hjeddal (Frp)** at ho vil kome tilbake til problemstillinga i fylkestinget.

I samband med RS 109/17 «Spørsmål i fylkesutvalet 23.05.17 – innfartsparkering» kommenterte **Mona Røsvik Strømme (H)** at det framleis er manko på parkeringsplassar i Åsane.

I samband med RS 111/17 «Generalforsamlingar 2017 - eigarrepresentasjon frå Hordaland fylkeskommune» påpeikte **Mona Røsvik Strømme (H)** at det bør vere jann fordeling av «posisjon» og «opposisjon» i generalforsamlingar. Fung. fylkesordførar svarte.

I samband med RS 103/17 «Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Svar på spørsmål i fylkesutvalet 22. juni 2017» kommenterte **Benthe Bondhus (Sp)** at det framleis er nødvendig å ha merksemd på å rette opp infrastruktur. Fylkesdirektør samferdsel opplyste at det kjem sak til utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet i september.

I samband med RS 124/17 «Brukarundersøking for Hordaland fylkeskommune – 2017» viste **Anne Beth Njærheim (V)** m.a. til at rådmennene i Sunnhordland var lite nøgde, og påpeikte at dette er eit viktig signal.

PS 194/17 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Vedtak

Det var ingen delegerte saker til dette møtet.

PS 195/17 Pilotprosjekt Vestlandet - vidare framdrift

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet gir si tilslutning til at Hordaland fylkeskommune går saman med Sogn og Fjordane om å gjennomføre Pilotprosjekt Vestlandet.
2. Fylkesutvalet ber Fylkesrådmannen følgje opp invitasjonen om eit møte med Kommunal og moderniseringsdepartementet for korleis ein pilot kan innrettast.
3. Fylkesutvalet ber Fylkesrådmannen setje i gang forstudiet etter den framlagte framdriftsplanen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Anne Beth Njærheim (V) sette på vegner av V og MDG fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2:
Pilotprosjektet vil særleg vurdere samordning av oppgåver innan innovasjon, forsking, kultur, klima/miljø og innovasjonsretta infrastruktur.»

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 1:
... for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slik protokollmerknad:

«MDG vil understreke at namnevalet på regionen ikkje er bestemt og er problematisert. MDG ber også om at omgrepene «fylke» blir vurdert som alternativ til «region».»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Bondhus sitt forslag om tillegg til punkt 1 fekk 14 røyster (Sp, A, MDG, V, Frp, H) og vart vedteke.

Njærheim sitt forslag punkt 2 fekk 14 røyster (Sp, A, MDG, V, Frp, H) og vart vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 og 3 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Vedtak

1. Fylkesutvalet gir sin tilslutning til at Hordaland fylkeskommune går saman med Sogn og Fjordane om å gjennomføre Pilotprosjekt Vestlandet for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel.
2. Pilotprosjektet vil særleg vurdere samordning av oppgåver innan innovasjon, forsking, kultur, klima/miljø og innovasjonsretta infrastruktur.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen følgje opp invitasjonen om eit møte med Kommunal- og moderniseringsdepartementet for korleis ein pilot kan innrettast.
4. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen setje i gang forstudiet etter den framlagte framdriftsplanen.

Protokollmerknad fra MDG

MDG vil understreke at namnevalet på regionen ikkje er bestemt og er problematisert. MDG ber også om at omgrepene «fylke» blir vurdert som alternativ til «region».

PS 196/17 Ekspertutvalet for regionreforma - innspel til ytterlegare nye fylkeskommunale oppgåver/ansvar

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet viser til ekspertutvalet sitt mandat, der oppgåvefordelinga mellom regional stat/Fylkesmannen og regionalt folkevalt nivå er nemnd særskilt. Tida er moden for å trekkje eit klårt og prinsipielt skilje mellom oppgåver knytt til tilsyn, kontroll og beredskap (samst enkelte ev. rettleiingsoppgåver) og politiske oppgåver og ansvarsområder. Oppgåver og ansvar som hører til den siste kategorien, og som i dag ligg til regional stat, må vurderast for overflytting til regionalt folkevalt nivå.
2. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen si saksutgreiing og støttar merknader og tilråding om innspel til nye oppgåver som ekspertutvalet må vurdere for overflytting til dei nye fylkeskommunane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Nytt punkt (a)

Fylkesutvalet ber om at det også vert vurdert å leggje meir ansvar for oppgåver knytt til attføring av personar som har særskilde utfordringar med å kome inn i arbeidslivet til det regionale nivået. Dette arbeidet har nær tilknyting til andre oppgåver fylka i dag har ansvaret for, m.a. innan vaksenopplæring, særskilt tilrettelagte utdanningsløp, karriererettleiing, regional kompetansepolitikk og folkehelsearbeidet.

Nytt punkt (b):

Fylkesutvalet ber om at ein vurderer oppgåve- og ansvarsdelinga innan brann- og ulykkesberedskapen som ein del av arbeidet med nye oppgåver for det regionale nivået. Det er eit aukande behov for å samordne og koordinere offentlege og frivillige beredskapsresursar regionalt i høve til store brannar, ulykker og naturkatastrofar. Dette gjeld både i det regionale planarbeidet, men også gjennom direkte samarbeid med kommunale, statlege og frivillige beredskapsorganisasjonar.

Nytt punkt (c) (tillegg under miljøforvaltning):

Dei store utfordringane som plast lang kysten vår gjev, er ei oppgåve som den nye regionen bør få ansvar for. Ei utvikling av eit renovasjonsansvar for kysten bør leggjast til dette nivået.»

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Endring i punkt 1, siste setning (endringa står i kursiv)

Oppgåver og ansvar som hører til den siste kategorien, og som i dag ligg til regional stat, skal overflyttast til regionalt folkevalt nivå.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slik protokollmerknad:

«MDG ber om at det arbeides videre med muligheten for å etablere forsøk med overføring av ansvar fra sykehus og høgskole til det nye fylket/regionen.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med Njærheim sitt forslag til endring av siste setning vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Oen sitt forslag til nytt punkt (a) vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag til nytt punkt (b) vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag til nytt punkt (c) vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet viser til ekspertutvalet sitt mandat, der oppgåvefordelinga mellom regional stat/Fylkesmannen og regionalt folkevalt nivå er nemnd særskilt. Tida er moden for å trekke eit klårt og prinsipielt skilje mellom oppgåver knytt til tilsyn, kontroll og beredskap (samt enkelte ev. rettleiingsoppgåver) og politiske oppgåver og ansvarsområder. Oppgåver og ansvar som hører til den siste kategorien, og som i dag ligg til regional stat, skal overflyttast til regionalt folkevalt nivå.
2. Fylkesutvalet ber om at det også vert vurdert å leggje meir ansvar for oppgåver knytt til attføring av personar som har særskilde utfordringar med å kome inn i arbeidslivet til det regionale nivået. Dette arbeidet har nær tilknyting til andre oppgåver fylka i dag har ansvaret for, m.a. innan vaksenopp-læring, særskilt tilrettelagte utdanningsløp, karriererettleiing, regional kompetansepolitikk og folkehelsearbeidet.
3. Fylkesutvalet ber om at ein vurderer oppgåve- og ansvarsdelinga innan brann- og ulykkesbered-skapen som ein del av arbeidet med nye oppgåver for det regionale nivået. Det er eit aukande behov for å samordne og koordinere offentlege og frivillige beredskapsresursar regionalt i høve til store brannar, ulykker og naturkatastrofar. Dette gjeld både i det regionale planarbeidet, men også gjennom direkte samarbeid med kommunale, statlege og frivillige beredskapsorganisasjonar.
5. Dei store utfordringane som plast lang kysten vår gjev, er ei oppgåve som den nye regionen bør få ansvar for. Ei utvikling av eit renovasjonsansvar for kysten bør leggjast til dette nivået. (Tillegg under miljøforvaltning)
5. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen si saksutgreiing og støttar merknader og tilråding om innspel til nye oppgåver som ekspertutvalet må vurdere for overflytting til dei nye fylkeskommunane.

Protokollmerknad fra MDG

MDG ber om at det arbeides videre med muligheten for å etablere forsøk med overføring av ansvar fra sykehus og høgskole til det nye fylket/regionen.

PS 197/17 Oppstart av revisjon av 'Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017' og 'Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering og utdanning i landbruket 2011-2015'

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen iverksette revisjon 'Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017' og 'Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering og utdanning i landbruket 2011-2015'.
2. Fylkesutvalet ber om at revisjonen og politisk handsaming blir gjennomført som skissert i saksdokumentet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen iverksette revisjon «Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017» og «Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering og utdanning i landbruket 2011-2015».
2. Fylkesutvalet ber om at revisjonen og politisk handsaming blir gjennomført som skissert i saksdokumentet.

PS 198/17 Rekneskapsrapport pr. juni 2017.

Forslag til vedtak

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2017 til orientering.

PS 199/17 Planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda. Vedtak om høyring og offentleg ettersyn

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 andre ledd høyring og offentleg ettersyn av forslag til planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda med høyringsfrist 15. oktober 2017.
2. Hardangerviddarådet/styringsgruppa for planarbeidet skal drøfte og anbefale endringar av planprogrammet med bakgrunn i høyringsinnspele før planprogrammet vert lagt fram for fylkesutvalet for sluttbehandling.
3. Det vert føresett likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 andre ledd høyring og offentleg ettersyn av forslag til planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda med høyringsfrist 15. oktober 2017.
2. Hardangerviddarådet/styringsgruppa for planarbeidet skal drøfte og anbefale endringar av planprogrammet med bakgrunn i høyringsinnspele før planprogrammet vert lagt fram for fylkesutvalet for sluttbehandling.
3. Det vert føresett likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.

PS 200/17 Korleis oppretthalde regional konkurranseskraft? Søknad til INTERREG Nordsjøprogrammet

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek at fylkesrådmannen kan arbeide vidare med å utvikle prosjektet «Right skills for the right future» (RIGHT).
2. Første prosjektskisse kan sendast inn til Nordsjøprogrammet innan fristen 28. august 2017.
3. Fylkesutvalet ber om å få framlagt endeleg prosjektsøknad innan mars 2018.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek at fylkesrådmannen kan arbeide vidare med å utvikle prosjektet «Right skills for the right future» (RIGHT).
2. Første prosjektskisse kan sendast inn til Nordsjøprogrammet innan fristen 28. august 2017.
3. Fylkesutvalet ber om å få framlagt endeleg prosjektsøknad innan mars 2018.

PS 201/17 132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til bygging av kraftlinja Dalsbotnfjellet-Frøyset.
2. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune rår frå bygging av kraftlinja Dalsbotnfjellet - Frøyset grunna omsyn til naturvern og friluftslivinteresser.»

Nils Marton Aadland (H) sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Saka blir utsett. Før den kjem opp til ny handsaming må Hordaland fylkeskommune inngå dialog med Masfjorden kommune for å drøfte alternative kraftlinetasear.»

Røysting (forslaget om utsettjing)

Aadland sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1:
Utifrå dei samla negative verknadene av naturinngrep, m.a. den store straumlinja mellom Modalen-Mongstad, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygginga av kraftlinja.»

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2 (endringa står i kursiv):

Dersom NVE gir konsesjon, vert det stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.»

Anne Beth Njærheim trekte forslaget sitt.

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Erstatning av punkt 1:

Hordaland fylkeskommune rår frå den omsøkte kraftlinja og ber NVE gå i dialog med dei berørte kommunane for å komme fram til eit traséval som er betre for miljø, jordbruk og friluftsliv.»

Røysting (saka)

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Tomren sitt forslag punkt 1 fekk 5 røyster (MDG, H, V) og fall.

Oen sitt forslag punkt 1 fekk 13 røyster (SV, A, Sp, KrF, MDG, V, H) og vart vedteke.

Oen sitt forslag punkt 2 vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Vedtak

1. Utifrå dei samla negative verknadene av naturinngrep, m.a. den store straumlinja mellom Modalen-Mongstad, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygginga av kraftlinja.
2. Dersom NVE gir konsesjon, vert det stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

PS 202/17 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 195, 196, 198-201, 203, 197/17.

ORIENTERINGAR

Frå fung. fylkesordførar

På eit seinare tidspunkt ønskjer fung. fylkesordførar å drøfte korleis fylkestinget skal handtere interpellasjonar.

Septembermøtet for fylkesutvalet er sett opp med to dagar. Onsdag 21. september vil fylkesutvalet delta på arrangement i regi av Sykkel-VM, medan det vert ordinært møte torsdag 22. september.

Det vert følgjande aktivitetar i oktober:

- Fredag 20. oktober: Fylkesrådmannen legg fram fylkesbudsjettet for fylkesutvalet/gruppeleiar i Rødt
- Tysdag 24. oktober: Fylkesrådmannen held budsjettseminar for fylkesutvalet/gruppeleiar i Rødt
- Onsdag 25. oktober: Møte i Vestlandsrådet
- Torsdag 26. oktober: Møte i fylkesutvalet
- Fredag 27. oktober: Felles møte i Gulen mellom fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland

Fung. fylkesordførar presenterte tankar om mogleg studietur neste år.

Frå fylkesrådmannen

Orientering om fylkesordførar Anne Gine Hestetun si sjukmelding.

Statusoppdatering frå Sykkel-VM 2017 pr. juli. Informasjonen som vart lagt fram er underlagt teieplikt etter forvaltningslova § 13 ledd. Etter kommunelova § 31 nr. 2 vart møtet difor lukka under orienteringa.

INNSENDE SPØRSMÅL

Anne Beth Njærheim (V) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Nye rutetilbod i Sunnhordland

Innspel er frå innbyggjarar som bur på vestsida av Bømlo og sørover. Det gjeld innspel til buss-skyss på Bømlo.

- Det går ingen buss på strekninga Svortland - Langevåg etter klokka 16.50.
 - Ungdommar/pendlarar/eldre/Bømlo Folkehøgskule-elevar kan ikkje komme seg heim med buss etter dette klokkeslettet.
- Etter klokka 16.50 må alle foreldre på denne strekninga hente ungdommane som for eksempel er på fotballtrening, kulturskulen, TenSing, turn osv.
- Før kunne ungdommar ta 21.45-bussen frå Svortland til Våge/Langevåg av dei som gjekk på t.d. TenSing på Bremnes. Det er MANGE som saknar den gamle rutetida på denne strekninga.

Er det mogleg at strekninga mellom Svortland - Langevåg kan få i ein ekstra bussavgang på kveldinga, tilbake til gamal rutetid.

Når det vert gjort endringar, er det reduksjon av rutetilboden, er det komme erstatningar slik at totaltilboden ikkje er redusert? Korleis går SKYSS i dialog med kommunane, regionen når dei reviderer rutetilboden.

Det er ein utfordring når ruter som medfører barn og unge som faktisk nyttar tilboden forsvinn. Korleis då få opp kollektivtilboden også i distriktet?»

Fung. fylkesordførar svarte slik:

«Trafikkplan Sunnhordland er vedteken i fylkesutvalet, og gir overordna føringar og rammer for rutetilboden i det nye bussanboden som starta opp no i sommar.

Det nye anboden gir enkelte endringar i rutetilboden, men innanfor rammene for produksjon i føregåande kontrakt. Dette betyr omprioriteringar, der nokon vil få eit betre tilbod og andre ein reduksjon.

I arbeidet med planen var kommunane – og operatør – inviterte og deltagande med innspel til omprioriteringar for å tilpasse tilboden betre til dagens og framtidas reisebehov. Eit breitt faktagrunnlag i form av relevant statistikk og informasjon om transportbehovet ligg til grunn for endringane som er gjort.

I all hovudsak er det gjort få endringar i rutetilboden i Bømlo kommune, men nokre avgangar og rutetider er endra. Mellom anna er det gjort endringar i rutetider til og frå Langevåg for å få betre kopling og korrespondanse til ferja til Buavåg og buss mot Haugesund, jf. Trafikkplanen. Avgangen 18.02 er difor flytta til 16.50. Siste avgang 21.45 frå Svortland til Våge og vidare til Langevåg dersom reisande, er tatt bort. Statistikk over påstigande viser svært låg etterspurnad, og har difor ikkje vorte prioritert.

Tilbakemeldingar og innspel som kjem frå kundar, kommunar og andre interessentar er viktig informasjon for Skyss i arbeidet med å tilpasse rutetilboden best mogleg. Der det er mogleg å finne løysingar innanfor dei gitte rammene, og som ikkje gir vesentlege konsekvensar for andre delar av kollektivnettet, kan ein løpande gjere mindre justeringar. Eventuelle endringar av meir omfattande karakter må takast inn i årleg ruteendringsprosess som i verksattast om hausten. Utgangspunktet vil framleis vere å gjere tilpassingar innanfor dei gitte økonomiske rammene.»

Silje Hjemdal (FrP) viste til RS 109/17 «Spørsmål i fylkesutvalet 23.05.17 – innfartsparkering» og hadde sendt inn nytt spørsmål:

«Innfartsparkering på C-feltet i Åsane

Tidligere i år kunne vi lese at C-feltet i Åsane med stor sannsynlighet ville bli innfartsparkeringsfelt. Dette svarer opp mot den bestillingen fylkestinget hadde i innfartsparkeringsstrategien, der man skulle vurdere ulike alternativer. Nå har jeg forstått det slik at dette kanskje ikke blir noe av likevel?

Kan fylkesrådmannen klargjøre situasjonen for innfartsparkering på C-feltet?

Kan fylkesutvalget få en kort redegjørelse for hvilke andre innfartsparkeringsprosjekter som er mulig å realisere innen kort tid?»

Fung. fylkesordførar svarte slik:

«Under handsaming av *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*, 11. mars 2015 vart det mellom anna gjort følgjande vedtak:

«9. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gå i dialog med Bergen om å sjå på evt. ledige tomtar som kan brukast til mellombelse innfartsparkeringar, f.eks. Haukås eller C-feltet i Åsane.»

Hordaland fylkeskommune har arbeidd med eit prosjekt for utvikling av innfartsparkeringstilbodet i Åsane. Fleire ulike areal har vore vurdert, der C-tomta (like aust for Åsane Storsenter og E 39) vart sett som den gunstigaste staden. Det er derfor i løpet av våren gjennomført grunnundersøkingar og planlegging av tilkomst frå Åsamyrene til C-tomta.

Det har over lengre tid vore dialog om C-tomta med Bergen kommune gjennom Bergensprogrammet sine organ, og det vart oppretta konkret dialog/prosjekt med Åsane Sentrum Øst AS som grunneigar i januar i år. Åsane Sentrum Øst AS er eigd 80% av Bergen Tomteselskap AS (BTS)/ Bergen kommune og 20% av Ole Bull Utvikling AS. Målsetnaden for fylkeskommunen har vore å etablere ein mellombels leigeavtale for bruk av arealet til innfartsparkering. Dialogen på vårparten tilsa at denne skulle vere mogleg å få på plass.

Mot slutten av juni ga Åsane Sentrum Øst AS fylkeskommunen tilbakemelding om at det ikkje vart vurdert som ønskjeleg å inngå leigeavtale for bruk av C-tomta til innfartsparkering, ettersom det ikkje har vore mogleg å oppnå semje i styret i selskapet. (Det er opplyst at det er stadfestat i selskapets vedtekter at det skal vere 100% tilslutning i styret for større saker som gjeld selskapet). Det har derfor ikkje vore mogleg å få på plass avtale om disponering av arealet, og det vil derfor heller ikkje vere mogleg å etablere innfartsparkering før Sykkel-VM.

Fylkesrådmannen vil likevel arbeide vidare med ambisjon om å få bygd nye innfartsparkeringsplassar på C-tomta så snart det lar seg gjøre. Det vert presisert at dei føreslattne plassane er av mellombels karakter, inntil avklaring av permanent innfartsparkering i Åsane gjennom bybaneprosjektet.

Når det gjeld etablering av andre innfartsparkeringsprosjekt i eit kortare tidsperspektiv, så vert det arbeidd med konkrete prosjekt opp mot omlandskommunane til Bergen. Dette gjeld følgjande:

- Fjell kommune, ved Fjell kyrkje
- Askøy kommune, ved Fv 562/ Strusshamnrundkjøringa
- Vidare er fylkesrådmannen i dialog med kommunane Lindås, Samnanger og Voss om etablering av prosjekt

Fylkesrådmannen vil peike på at det er den einskilde kommunen som er planstyresmakt for etablering av innfartsparkering. Det vil derfor vere naudsynt at det vert arbeidd vidare med etablering av felles prosjekt mellom kommunane og fylkeskommunen for styrking av innfartsparkeringstilbodet i tråd med *Strategi for innfartsparkering fram mot 2030*.

Silje Hjemdal (Frp) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Rumlefelt i Hordaland

12. juni kan vi lese at det er 60 prosent færre ulykker etter innføring av rumlefelt.

«Fem år etter at dette tiltaket vart starta opp i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, meiner Vegdirektoratet at tala er særslig opplyftande. Dei siste åra har det vore minst ei halvering av alvorlege ulykker på strekningar der midten av vegen er frest.»

«– På E16 har vi sett at ulukkestala har bortimot halvert seg. Der vi har sinusfrest, er det minimalt med ulukker. Det viser talmaterialet frå dei siste seks-sju åra.»

Dette viser at tiltaket er svært effektivt og et viktig trafikksikkerhetstiltak. Ikke minst reduserer det faren for møteulykker.

Arbeidet er godt i gang på riksveiene i vest. Imidlertid har fylkeskommunene ansvaret for at dette også gjøres på fylkesveiene.

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/60-prosent-færre-ulykker-etter-innforing-av-rumlefelt-1.13598615>

Spørsmål:


- 1) Hvilke fylkesveier i fylket er det i dag rumlefelt
- 2) Hvilke planer foreligger for å lage rumlefelt på passende strekninger i tiden fremover»

Fung. fylkesordførar svarte slik:

«Statens vegvesen opplyser til fylkesrådmannen at totalt er 43,2 km av fylkesvegnettet har forsterka vegoppmerking. Dette er vist i vedlagte kart og tabell.

Det ligg fast i kontraktane at ved reasfaltering skal fylkesvegen få forsterka vegoppmerking, - dette gjeld der det er vegbreidde nok til dette. I tillegg kjem nybygg, og i 2017 gjeld dette ca. 1 km av Fv 209 Storskaret – Arefjord.

Fylkesrådmannen vil koma attende med ei politisk sak som går nærmere i detalj om kostander og effekt ved forsterka vegoppmerking.



Fylke	Veg	FHp	FIMeter	THp	TMeter	Lengde [m]	Side	Kommune nummer	Kommune navn	Type	Fremetode	Bredde	Etabl. år
12	Fv7	11	5635	11	7320	1685	M	1234	Granvin	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2015
12	Fv7	12	3465	12	5384	1919	M	1234	Granvin	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2016
12	Fv7	15	1469	15	2684	1215	M	1238	Kvam	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2011
12	Fv57	1	3141	1	6050	2909	M	1263	Lindås	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2012
12	Fv57	2	4007	2	7465	3458	M	1263	Lindås	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2012
12	Fv57	3	401	3	4310	3909	M	1263	Lindås	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2012
12	Fv57	4	2500	4	4200	1700	M	1263	Lindås	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2012
12	Fv541	10	135	10	1385	1250	M	1219	Bømlo	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	100	2014
12	Fv541	10	1925	10	2815	890	M	1219	Bømlo	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	100	2014
12	Fv542	3	2300	3	3625	1325	M	1219	Bømlo	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	110	2013
12	Fv542	3	3745	3	4845	1100	M	1219	Bømlo	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2012
12	Fv562	1	100	1	1992	1892	M	1201	Bergen	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2012
12	Fv562	1	2199	2	1055	2554	M	1201/1247	Bergen/ Askøy	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2015
12	Fv562	2	1086	4	3687	14449	M	1247	Askøy	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2015
12	Fv580	1	0	1	2935	2935	M	1201	Bergen	Forsterket midtoppmerking	Nedfrest sinusriller	55	2016

Sum
»

43190

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Bussruter på Stord

Syner til spørsmål i førre fylkesutval om bussruter på Stord. Svaret til fylkesordføraren gav ikkje mykje von om endring. No har det kome sterke reaksjonar frå fleire hald og seinast frå mottaket på Litlabø.

Er det mogleg å gå i dialog med kommunen å få gjort forbetringar?

[– Skyss sine rutekutt skapar store utfordingar for ungdommene på mottaket | Stord24](#)

Syner til vedlagte oppslag som låg på elevane si side på itslearning. Har dette vore politisk handsama?

SV er uroa over at dette kan føra til at fleire sluttar. Det er elevar som ikkje har pengar til ungdomskort. Det hjelper og lite å kjøpa ungdomskort når rutetilboden vert forringa som t.d. på Litlabø. Forskrifta seier og at det må vera tilbod alle dagar om det skal nyttast ungdomsbillett. Slik eg forstår det no er det ikkje busstilbod her om søndagane.

Kan ordføraren gjera greie for dette?

«Forskrift til opplæringslova § 10-3:)


Dispensasjon frå plikta til å sørge for gratis skoleskyss etter § 7-2 i opplæringslova kan etter søknad til departementet givast når desse vilkåra er oppfylte:

Fylkeskommunen må ha ei ordning med subsidierte rabattkort for ungdom. Prisen må ikkje oversigta 50 % av vanleg månadskort for vaksne.

Eit rabattkort må omfatte ordinær reise til og frå skole, arbeid og fritidsaktivitetar.

Rabattkortet må i tillegg til ordinær skoleskyss kunne nyttast både på dagtid og kveldstid alle dagar. Dei aktuelle kollektive transportmidla som rabattkortet gjeld for, må vere godt utbygde og ha jamlege avgangar.

Ordninga må omfatte minst heile skoleåret.»



Det er i år nye reglar for kven som får skuleskyss. Elevar som bur i eit område med tilfredsstillande kollektivtilbod på fritida (Ungdomsbillettområde), har ikkje rett til gratis skuleskyss. Dei kan kjøpa Ungdomsbillett, kr 365,- for 30 dagar. Sagvåg og Rommetveit er blitt Ungdomsbillettområde. Dvs. at elevar som bur i desse områda ikkje lenger har rett til gratis skuleskyss, dei må kjøpa Ungdomsbillett. For å lesa meir: <http://www.hordaland.no/nn-NO/vegogtransport/skyss/skuleskyss/>

»

Fung. fylkesordførar svarte slik:

«Spørsmål 1 - Bussruter på Stord

Trafikkplan Sunnhordland er vedteken i fylkesutvalet, og gir overordna føringar og rammer for rutetilboden i det nye bussanboden som starta opp no i sommar.

Det nye anboden gir enkelte endringar i rutetilboden, men innanfor rammene for produksjon i føregåande kontrakt. Dette betyr omprioriteringar, der nokon vil få eit betre tilbod og andre ein reduksjon.

I arbeidet med planen var kommunane – og operatør – inviterte og deltagende med innspel til omprioriteringar for å tilpasse tilbodet betre til dagens og framtidas reisebehov. Eit breitt faktagrunnlag i form av relevant statistikk og informasjon om transportbehovet ligg til grunn for endringane som er gjort.

Når det gjeld Litlabø er tilbodet blitt noko redusert på kvardagar, i tråd med Trafikkplanen. Linjenettet i Leirvik er lagt om, der den tidlegare ringruta Leirvik-Litlabø-Vikanes-Sagvåg-Leirvik er erstatta med ei gjennomgåande linje mellom Rommetveit og Vikanes. Turane om Litlabø er då prioritert ned til fordel for om Sagvåg og Heiane, for å tilpasse tilbodet til passasjergrunnlaget i området.

Tilbodet i helg er noko redusert på laurdagar, frå fire til to avgangar frå Leirvik til Litlabø, men uendra frå Litlabø til Leirvik som gir to returavgangar. Som tidlegare er det ingen turar på kveldstid. Nytt frå i haust er ein tur ettermiddag frå Leirvik til Litlabø på sundagar, mot tidlegare ingen turar sundagar til/frå Litlabø.

Skyss registrerer og følgjer opp alle tilbakemeldingar som kjem via telefon, e-post, Facebook og media. Tilbakemeldingane gjeld både generell misnøye med kollektivtilboden og særleg der tilboden er redusert, men også manglande korrespondansar og overgangsmogleheter ved endringar i rutetider. Der det er mogleg å finne løysingar innanfor dei gitte rammene, og som ikkje gir vesentlege konsekvensar for andre delar av kollektivnettet, vert det gjort justeringar. Eventuelle endringar av meir omfattande karakter må takast inn i årleg ruteendringsprosess som i vert sett i verk om hausten.

Spørsmål 2 – Reglar for bruk av ungdomsbillett som skulereisekort

I Hordaland nyttar elevane i vidaregåande skule som hovudregel 30-dagars ungdomsbillett til skuleskyssen. Dette gjeld også elevar med avstand mellom heim og skule på over 6 km. Dette betyr at elevar i den vidaregåande skulen, som oppfyller vilkåra for skoleskyss, men som bur i et område med tilfredsstillande kollektivtilbod på fritida – i eit såkalla ungdomsbillettområde – ikkje har rett på skulereisekort, men kan kjøpe ungdomsbillett.

Hordaland fylkeskommune har kvart år frå og med 2002 søkt om og fått dispensasjon fra plikta til å sørge for gratis skuleskyss i dei områda av fylket der det er eit tilfredsstillande kollektivtilbod på fritida. Ordninga med ungdomsbillett som skulereisekort var politisk behandling i forkant av dette.

For inneverande skuleår er det utført nokre mindre endringar knytt til område for ungdomsbillett. Utgangspunktet er dei same ungdomsbillettsoneane som tidlegare år, men etter ei vurdering av gjeldande område for ungdomsbillett sett opp mot rutetilbod har ein kome til at det er behov for justeringar (nokre geografiske område er tatt inn og nokre tatt ut). Endringane er teke med i den årlege dispensasjonssøknaden til Fylkesmannen i Hordaland, som er godkjent for skuleåret 2017/18.

Følgande endringar har skjedd frå dette skuleåret:

- Stord: Ungdomsbillettområdet på Leirvik på Stord blir utvida med områda Rommetveit og Sagvåg.
- Askøy: Ungdomsbillettområdet på Askøy blir utvida med området frå Kollevåg/Tveitevåg til Ramsøy.
- Sveio: Ungdomsbillettområdet i Sveio kommune langs E39 blir teke ut av samordninga.

Litlabø er (som tidlegare år) ikkje ein del av ungdomsbillettområdet, men Sagvåg og Rommetveit er no ein del av ungdomsbillettområdet.»

OPEN TIME

Tom Sverre Tomren (MDG) viste til RS 109/17 «Spørsmål i fylkesutvalet 23.05.17 – innfartsparkering» og bad om følgjande:

«MDG ber om en egen orientering om parkeringssituasjonen og prognosar for parkering i Arna i lys av utbygging av to spor, utvikling av ny bompengestruktur og økt elbil-andel.»

Administrasjonen vil kome tilbake med svar.

Tom Sverre Tomren (MDG) bad om følgjande:

«MDG ber om at fylkesrådmannen inviterer Norges miljøvernforbund for å presentere sine analyser av de store samferdselsprosjektene i Hordaland.»

Tom Sverre Tomren (MDG) bad om følgjande:

«MDG ber om å få ein statusrapport på arbeidet med bru i Masfjorden mot. reguleringsarbeid, økonomi og rammevilkår. Det er også eit ønske om å få opplyst korleis planarbeidet er relatert til NTP og til planane om å elektrifisere ferjestrekket.»

Kari Sørensen Bernardini (A) stilte spørsmål knytt til bussjåførar som vil ha problem med å kome seg på arbeid under Sykkel-VM. Direktøren for Skyss svarte på spørsmålet.

Kari Sørensen Bernardini (A) stilte slikt spørsmål:

«I fylkesutvalget i februar 2016 ble det bedt om en utredning på hvordan opplæring for taxisentralene i Bergen kunne samordnes. Hva er status for dette arbeidet, og hva er eventuelt nødvendig for å drive prosessen fremover? Det bes om et skriftlig svar.»

Administrasjonen vil kome tilbake med svar.

Silje Hjemdal (Frp) stilte spørsmål knytt til medieoppslag om at fylkeskommunalt tilsette kan få fri med løn for å vere frivillige under Sykkel-VM. Fylkesrådmannen svarte på spørsmålet.

Silje Hjemdal (Frp) stilte slikt spørsmål:

«Kunnskapsdepartementet har sendt forslag om forbud mot bruk av plagg som helt eller delvis dekker ansiktet i barnehager og utdanningsinstitusjoner. Høringsfristen er 20.09.2017. Skal uttakelse behandles politisk? Neste fylkesutvalg er 20. september.»

Fung. fylkesordførar opplyste at saka skal behandlast i yrkesopplæringsnemnda og utval for opplæring og helse.

Silje Hjemdal (Frp) stilte slikt spørsmål:

«Deltar Hordaland fylkeskommune i prosjekt/samarbeid som tar sikte på å inkludere mennesker med funksjonshemminger i arbeidslivet? For eksempel i samarbeid med «Helt med».»

Administrasjonen vil kome tilbake med svar.

PS 203/17 Kollektivreiser for frivillige under Sykkel-VM

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

PS 203/17 vart sett på sakskartet utan saksframlegg.

Pål Kårbø (KrF) sette fram slik forslag:

«Dei frivillige med godkjent akkreditering har høve til å kjøpe Skyss sin kampanjebillett under Sykkel-VM med 50 % rabatt.»

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slikt forslag:

«For å stimulere til at flere frivillige kan delta på Sykkel-VM og å redusere deres kostnader, ønsker fylkesutvalget at de frivillige får Skyss sin kampanjebillett gratis.»

Røysting

Hjemdal sitt forslag fekk 3 røyster (Frp, MDG) og fall.
Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Dei frivillige med godkjent akkreditering har høve til å kjøpe Skyss sin kampanjebillett under Sykkels-VM med 50 % rabatt.